



Arkivnr: 2015/4545-2

Saksbehandlar: Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015

Skrivekunstakademiet i Hordaland - vedtektsendring

Samandrag

Styret for Skrivekunstakademiet vedtok på møte 17. mars at stillinga som dagleg leiar framleis skal vere på åremål, men at åremålet vert utvida frå fire år, til ei lengd på seks år.

Dette medfører ei vedtektsendring.

Fylkesutvalet er representantskap for Skrivekunstakademiet, og skal handsama vedtektsendringar. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedtektsendringa av 17. mars 2015. Stillinga som dagleg leiar får eit åremål på seks år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Skrivekunstakademiet i Hordaland - Tilsettingsform dagleg leiar

Fylkesrådmannen, 28.04.2015

Styret for Skrivekunstakademiet har ønska å vurdere tilsettingsforma for dagleg leiar. Stillinga har fram til no hatt ein åremålsperiode på fire år. I saka vart tre alternativ vurdert (sjå vedlegg):

1. Ingen endringar.
2. Omgjering til fast tilsetting.
3. Utviding til seks år med eit årleg tillegg på kr 30.000.

Styret fatta etter drøftinga 17. mars 2015 følgjande samrøystes vedtak:

Tilsettingsform dagleg leiar

Styret vedtok samrøystes at Skrivekunstakademiet vil behalda åremålstilsetjing for akademileiar. Vedtektene skal endrast til at åremålsperioden er seks år. Det innarbeidast eit åremåstillegg på kr. 30.000,- for kvart år i åremålet som kjem på toppen av ordinær lønn.

Fylkesrådmannen vil tilrå at fylkesutvalet som representantskap sluttar seg til første og andre setning i vedtaket til styret for Skrivekunstakademiet som inneber endring i vedtektene. Slik endring krev 2/3 fleirtal i representantskapen.

Vedtaket si siste setning om godtgjersle er eit styreansvar som ikkje vedkjem vedtektene, og er såleis ikkje ein del av denne saka.